



**ØY  
GARD  
EN**

- eit fyrstårn i vest

# **KONKURRANSEGRUNNLAG**

**Open anbodskonkurranse  
etter del I og III i forskrifta**

**for anskaffing av**

**Rammeavtaler om handverkar- og  
entreprenørtenester**

**Saksnr. 2024/7439**

# Innholdsliste

1	Om oppdragsgjeveren	3
1.1	Øygarden kommune	3
1.1	Kontaktperson	3
2	Konkurransesgrunnlaget sine dokument	3
2.1	Om inndelinga	3
2.2	Del I - Konkurransesgrunnlag	3
2.3	Del II – Kontrakt med bilag	4
3	Om anskaffinga	4
3.1	Føremål	4
3.2	Omfang og kontraktstype	4
3.3	Avtaleperiode	5
3.4	Klima- og miljøomsyn i anskaffinga	6
4	Konkurransesgjennomføring	6
4.1	Anskaffingsprosedyre	6
4.2	Krav til arbeids- og lønnsvilkår	6
4.3	Krav til bruk av lærlingar	6
4.4	Skatteattest	7
4.5	Tilbodssynfaring/tilbodskonferanse	7
4.6	Språk	7
4.7	Tilbydaren sine deltakingskostnader	7
4.8	Spørsmål til konkurransesgrunnlaget	7
4.9	Tilleggsopplysningar	7
4.10	Oppdatering av konkurransesgrunnlaget	8
4.11	Alternative tilbud	8
4.12	Deltilbod /delleveransar	8
4.13	Avvik	8
5	Konfidensialitet og innsyn	8
5.1	Konfidensialitet	8
5.2	Innsyn	8
6	Det europeisk eigenerklærings skjemaet (ESPD)	9
6.1	Generelt om ESPD	9
6.2	Nasjonale avvisingsgrunnar	9
7	Kvalifikasjonskrav	10
7.1	Om kvalifikasjonskrava	10
7.2	Bruk av underleverandørar/samarbeidspartnarar	10
7.3	Krav til organisatorisk og juridisk stilling	11
7.4	Leverandørens økonomiske og finansielle kapasitet	11
7.5	Krav til tekniske og faglege kvalifikasjonar	12
8	Tildelingskriterium	14
9	Innlevering av tilbud	15
9.1	Formkrav og struktur	15
10	Evaluering og avslutning av konkurranse	16
10.1	Evaluering	16
10.2	Avlysing av konkurranse	16
10.3	Melding om val av leverandør	16
10.4	Klage	16

# 1 Om oppdragsgjevaren

## 1.1 Øygarden kommune

Oppdragsgjevar er Øygarden kommune. Øygarden er Vestland sin nest største kommune med om lag 40.000 innbyggjarar.

Bustadutvikling KF (org.nr. 924 737 999) ønsker å ha en opsjon på å tiltre avtalen på delområda 1-5, 7,8 og 11. Sjå punkt 3.2 nedanfor.

For meir informasjon om oppdragsgjevaren, sjå: <https://www.oygarden.kommune.no/>

### 1.1 Kontaktperson

Oppdragsgjvar sin kontaktperson er:

Namn:	Margunn Wikum-Olsen
-------	---------------------

Eventuelle spørsmål skal rettast til kontaktpersonen i kommunikasjonsmodulen i Merzell.

Det skal ikkje vere kontakt/kommunikasjon med andre personar hos oppdragsgjevar når det gjeld anbodskonkurransen enn nemnde kontaktperson.

# 2 Konkurransesgrunnlaget sine dokument

## 2.1 Om inndelinga

Konkurransesgrunnlaget er delt i to delar. Del I inneheld dokument knytt til gjennomføring av konkurransen og som skal nyttast under tilbodsgeving. Del II inneheld kontrakt med vedlegg.

### 2.2 Del I - Konkurransesgrunnlag

Vedlegg	Innhald
DEL I	Konkurransesgrunnlag (dette dokumentet)
VEDLEGG 1	Mal tilbydaren sine atterhald og avvik
VEDLEGG 2	Tiepliktige opplysningar
VEDLEGG 3	Forpliktingserklæring
VEDLEGG 4	Referanseskjema
VEDLEGG 5	Køyretøyskjema delområde 6 og 8
VEDLEGG 6	Køyretøyskjema delområde 7,9 og 10

## 2.3 Del II – Kontrakt med bilag

Vedlegg	Innhald
DEL II	Avtaleskjema og kontrakt
BILAG 1	Oppdragsgjevar sine krav til leveransar
BILAG 2	Leverandøren si skildring av leveransar
BILAG 3	Tildelingsavtalar
BILAG 4	Skjema for tildeling av kontrakt innanfor rammeavtalen (tildelingsskjema)
BILAG 5	Administrative føresegner
BILAG 6	Pris og prisføresegner
BILAG 6a	Prisskjema
BILAG 7	Endringar i den generelle rammeavtaleteksten
BILAG 8	Endringar etter rammeavtaleinngåinga
BILAG 9	Løns- og arbeidsvilkår

## 3 Om anskaffinga

### 3.1 Føremål

Føremålet med anskaffinga er å inngå rammeavtale på entreprenør- og handverkarstenester innan for forskjellige fagområde for bygg- og anleggstenester.

Oppdragsgjevar har behov for handverkarstenester i samband med drift og vedlikehald av bygg og vegar som kommunen eig. Dei enkelte oppdraga sin karakter og omfang vil kunne variere, men hovudfokus vil vere på service, drift og vedlikehald av kommunen sine bygg og vegar. Fullstendig skildring av leveransen følgjer av del II bilag 1 Oppdragsgjevar sin kravspesifikasjon.

Oppdragsgjevar heldar seg att retten til å kunne utlysa større oppdrag i eigne offentlege utlysingar der oppdragsgjevar finn det føremålstenleg å konkurranseutsette oppdrag som separate konkurransar/eigne entreprisar. Med større oppdrag meinast her til dømes oppdrag over EØS terskelverdi eller oppdrag som omfattar mange delkontraktar.

### 3.2 Omfang og kontraktstype

Ved tildeling innanfor rammeavtalen nyttast NS 8406 eller NS 8407 som standard kontrakt, jf. bilag 3.

Anskaffinga er estimert til å omfatte tenester på ca. 48 MNOK ekskl. mva. per år. Dette inkluderer opsjonar. I tillegg kan det kome løyving over investeringsbudsjettet til mindre prosjekt (varierte frå år til år).

Maksimal avtaleverdi for heile rammeavtala si varigheit, inkludert opsjonar, er 200 MNOK ekskl. mva.

Anskaffinga omfattar fagarbeid innan fylgjande fagområde med estimert forbruk per område, ekskl. mva:

	<b>Fag/avtaleområde</b>	<b>Estimert verdi per år</b>	<b>Kontraktstype</b>
1	Elektrikar	6 150 000	Parallell rammeavtale, inntil 3 leverandørar
2	Filter og ventilasjon	5 500 000	Parallell rammeavtale, inntil 3 leverandørar
3	Heis - Service og vedlikehald	3 250 000	Rammeavtale med éin leverandør
4	Røyrløysar	3 650 000	Parallell rammeavtale, inntil 3 leverandørar
5	Malar – golvleggar	1 850 000	Rammeavtale med éin leverandør
6	Tømrrar	6 000 000	Parallell rammeavtale, inntil 3 leverandørar
7	Grunnarbeid og vegvedlikehald	10 500 000	Parallell rammeavtale, inntil 3 leverandørar
8	Glasmestar	800 000	Rammeavtale med éin leverandør
9	Fjellsikring	2 500 000	Rammeavtale med éin leverandør
10	Vedlikehald og rehabilitering av bruer og kaier	5 000 000	Rammeavtale med éin leverandør
11	Lås og beslag	1 300 000	Rammeavtale med éin leverandør
12	Kontroll og vedlikehald av leikeplassutstyr	1 500 000	Rammeavtale med éin leverandør

### 3.3 Avtaleperiode

Rammeavtalen skal vare i 1 år, med opsjon for oppdragsgjevar på forlenging på same vilkår i inntil ytterlegare 3 år, til saman maksimalt 4 år. Avtala vert forlenga med eitt år om gangen.

### **3.4 Klima- og miljøomsyn i anskaffinga**

I nokre av delkontraktene vert det sett krav i kravspesifikasjonen om at alle personbilar, lette og tunge varebilar som vert nytta skal gå fullstendig på elektrisitet, hydrogen, biogass eller ein kombinasjon av disse, då vi meiner at dette gir ei betre klima- og miljøeffekt enn om vi har miljø som tildelingskriterium. Dette er gjort med heimel i §7-9 (4).

Oppdragsgivar meiner at det gir betre miljø- og klimaeffekt fordi vinnande tilbydar faktisk må oppfylle kravet. Om ein derimot hadde evaluert det same kravet under tildelingskriteria kunne ein risikert at tilbydar med svakare eller ingen oppfylting av punktet hadde vunne konkurransen.

I nokre av delkontraktane vert miljø vekta med 30 prosent. Kva for delkontraktar dette gjeld går fram av punkt 8 Tildelingskriterium i dette dokumentet. Det vil i tillegg vere krav knytt til miljø i kravspesifikasjonen.

## **4 Konkurransgjennomføring**

### **4.1 Anskaffingsprosedyre**

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974 del I og del III. Kontraktstildeling vil bli gjort etter prosedyren open anbodskonkurranse, jf. FOA § 13-1 (1).

I denne konkurransen er det ikkje høve til å forhandle. Det er følgjeleg ikkje høve til å endre tilbodet etter tilbodsfristen har gått ut. Vidare blir det gjort merksam på at tilbod som inneheld vesentlege avvik frå anskaffingsdokumenta, skal avisast etter forskrift om offentlige anskaffelser § 24-8 (1) b. Oppdragsgjevar kan avvise tilbod som inneheld avvik frå anskaffingsdokumenta, uklare punkt eller liknande som ikkje må reknast som uvesentlege, jf. § 24-8 (2) a i forskrifta.

Leverandøren blir derfor på det sterkaste oppfordra til å følgje dei rettleiingane som blir gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved uklare punkt til kontaktperson via kommunikasjonsmodulen i Mercell.

### **4.2 Krav til arbeids- og lønnsvilkår**

Kontrakten vil innehalde krav om lønns- og arbeidsvilkår, dokumentasjon og sanksjonar i samsvar med forskrift om lønns- og arbeidsvilkår av 8. februar 2008 nr. 112.

### **4.3 Krav til bruk av lærlingar**

Kontrakten vil innehalde krav om at leverandøren er tilknytt ei lærlingordning og at lærlingar skal delta i utføringa av kontraktarbeidet.

#### **4.4 Skatteattest**

Valde leverandør skal på førespurnad levere skatteattest for meirverdiavgift og skatteattest for skatt. Dette gjeld berre dersom valde leverandør er norsk.

Skatteattesten skal ikkje vere eldre enn 6 månader rekna frå fristen for å levere førespurnad om å delta i konkurransen eller tilbod.

#### **4.5 Tilbodssynfaring/tilbodskonferanse**

Det vil ikkje bli halde tilbodssynfaring/tilbodskonferanse.

#### **4.6 Språk**

Alle dokument og all kommunikasjon som omhandlar denne konkurransen skal vera/gå føre seg på norsk. Det vert gjort merksam på at det same kravet også vil gjelde i gjennomføringa av avtalen.

#### **4.7 Tilbydaren sine deltakingskostnader**

Kostnader som tilbydaren pådreg seg i samband med utarbeiding, levering, og oppfølging vil ikkje bli refundert.

Deltaking vil ikkje på nokon måte forplikta oppdragsgjevaren til å inngå kontrakt med leverandør, eller involvere oppdragsgjevaren i økonomiske forpliktingar.

#### **4.8 Spørsmål til konkurransegrunnlaget**

All kommunikasjon i prosessen skal skje via Mercell-portalen. Dette for at all kommunikasjon skal loggførast. Når du er inne på konkurransen skal du velje fanebladet Kommunikasjon. Klikk deretter på ikonet "Ny melding" i menylinja. Skriv inn informasjon til oppdragsgjevar og trykk deretter på "Send" . Oppdragsgjevar mottar så meldinga di. Dersom spørsmålet vedkjem alle tilbydarane vil oppdragsgjevar svare på dette anonymisert ved å gi svar som tilleggsinformasjon. Tilleggsinformasjon er tilgjengeleg under fanebladet Kommunikasjon og deretter under fanebladet Tilleggsinformasjon. Du vil også få ein e-post med ein link til tilleggsinformasjonen.

Eventuelle spørsmål tilbydarane måtte ha til konkurransegrunnlaget må fremjast innan fristen oppgitt i Mercell

#### **4.9 Tilleggsopplysningar**

Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gir tilstrekkeleg rettleiing, kan han skriftleg be om tilleggsopplysningar hos oppdragsgjevar.

Dersom det blir oppdaga feil i konkurransesgrunnlaget, ber vi om at dette blir formidla skriftleg til oppdragsgjevar sin kontaktperson.

Skriftleg spørsmål om tilleggsopplysningar skal sendast via kommunikasjonsmodulen i Mercell.

#### **4.10 Oppdatering av konkurransesgrunnlaget**

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransesgrunnlaget, og spørsmål og svar i anonymisert form, vil bli formidla til alle leverandørar som har registrert si interesse for anskaffinga i Mercell.

#### **4.11 Alternative tilbod**

Det vil ikkje bli opna for levering av alternative tilbod i konkurransen.

#### **4.12 Deltilbod /delleveransar**

Tilbydarar kan levera tilbod som berre omfattar delar av konkurransen. Dette tyder at tilbydarar kan gje tilbod innan valfrie fagområde, men må levere komplett innan for kvart fag/avtaleområde, ref. pkt 3.2. Tildeling vert gjort per avtaleområde.

#### **4.13 Avvik**

Tilbod som inneheld vesentlege avvik frå konkurransesgrunnlag og/eller kontrakt vil bli avvist.

Atterhald og avvik skal opplysast presist og eintydig slik at oppdragsgjevaren kan evaluera tilbodet utan å ta kontakt med tilbydaren. Dersom atterhaldet ikkje lar seg kostnadsberekna vil det kunne føre til at tilbodet blir avvist. Atterhald og avvik skal oppgis i eigen mal – Avvik, jf. del I vedlegg 2.

## **5 Konfidensialitet og innsyn**

### **5.1 Konfidensialitet**

Informasjon som partane blir kjent med i samband med konkurransen og gjennomføringa av kontrakten skal behandlast konfidensielt, og ikkje gjerast tilgjengeleg for utanforståande utan etter samtykke frå den andre parten. Teieplikta er likevel ikkje meir omfattande enn det som følgjer av forvaltningsloven, jf. lov 10. februar 1967 eller tilsvarande sektorspesifikk regulering, samt etter offentleglova, sjå pkt. 5.2 nedanfor.

### **5.2 Innsyn**

Inntil val av leverandør er gjort kan det nektast innsyn i tilbod og innkjøpsprotokoll, jf. lov 19.



mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentlig verksemd (offentleglova) § 23.

Etter at val av leverandør er gjort er tilbod og protokollar som utgangspunkt opne for innsyn. Det er likevel gjort nokre unntak frå innsynsretten i offentliglova. Av desse unntaka er unntaket for innsyn i opplysningar som er underlagt teieplikt i lov eller i medhald av lov, jf. offentliglova § 13, jf. forvaltningsloven § 13. Tilbydarane skal levere ei oversikt over kva opplysningar dei meiner er unntatt innsyn, samt signera eigenerklæring på at oppdragsgjeveren er fritatt frå teieplikt i høve til opplysningar som ikkje er særskilt identifisert som teiepliktige i tilbydaren si opplisting, jf. del I vedlegg 3.

Ved krav om innsyn skal oppdragsgjeveren gjere ei konkret og sjølvstendig vurdering av kor vidt opplysningane tilbydaren har lista opp er av ein slik art at oppdragsgjeveren pliktar å nekte innsyn, jf. offentliglova § 29.

## **6 Det europeisk eigenerklæringsskjemaet (ESPD)**

### **6.1 Generelt om ESPD**

Som ein førebels dokumentasjon på at kvalifikasjonskrava er oppfylt og at det ikkje finnast avvisingsgrunnar, skal leverandøren fylle ut ESPD-skjema integrert i Merzell. Dette vert levert elektronisk i Merzell saman med tilbodet. Den eller dei leverandørane som blir innstilt til kontraktsinngåing, må før kontrakt blir inngått dokumentere oppfylling av kvalifikasjonskrava i samsvar med dei opplyste dokumentasjonskrava.

Oppdragsgjever kan på eitkvart tidspunkt i konkurransen be leverandøren levere alle eller delar av dokumentasjonsbevisa dersom det er naudsynt for å sikre at konkurransen vert gjennomført på riktig måte.

Dersom tilbydar ønskjer å støtte seg på underleverandørar eller samarbeidspartnarar for oppfylling av kvalifikasjonskrav skal det også leverast ESPD-skjema for kvar enkelt underleverandør/samarbeidspartner jf. FOA § 17-1 (6).

### **6.2 Nasjonale avvisingsgrunnar**

I samsvar med ESPD del III: Avvisingsgrunner, seksjon D: «Andre avvisingsgrunner som er fastsatt i den nasjonale lovgivingen i oppdragsgiverens medlemsstat» Dei norske anskaffingsreglane går lengre enn det som følgjer av avvisingsgrunnane angitt i EU-direktivet om offentlege anskaffingar og i standardkjemaet for ESPD. Det blir derfor presisert at i denne konkurransen gjeld også alle avvisingsgrunnane i FOA § 24-2, inkludert dei reint nasjonale avvisingsgrunnane.

Følgjande av avvisingsgrunnane i FOA § 24-2 er reint nasjonale avvisingsgrunnar:

- §24-2(2). I denne føresegna er det angitt at oppdragsgjevar skal avvise ein leverandør når han er kjent med at leverandøren er rettskraftig dømt eller har vedtatt eit førelegg for dei angitte strafflagde forholda. Kravet til at oppdragsgjevar skal avvise leverandørar som har vedtatt førelegg for dei angitte strafflagde forholda, er eit særnorsk krav.
- 24-2(3) bokstav i. Avvisingsgrunnen i ESPD-skjemaet gjeld berre alvorlege feil i yrkesutøvinga, medan den norske avvisingsgrunnen også omfattar andre alvorlege feil som kan medføre tvil om den yrkesmessige integriteten til leverandøren.

## 7 Kvalifikasjonskrav

### 7.1 Om kvalifikasjonskrava

Kvalifikasjonskrava er absolutte krav. Manglande oppfyljing av kvalifikasjonskrav vil medføre avvising frå konkurransen.

For å kunne få tilbodet sitt evaluert, må leverandøren fylle ut det elektroniske eigenerklæringsskjemaet (ESPD) om at han oppfyller alle dei kvalifikasjonskrava som er oppgitt nedanfor.

### 7.2 Bruk av underleverandørar/samarbeidspartnarar

Ein leverandør kan støtta seg på kapasiteten til andre verksemder for å oppfylle krava til økonomisk og finansiell kapasitet og tekniske og faglege kvalifikasjonar. Dersom leverandøren støttar seg på andre skal tilbodet innehalda signert forpliktingserklæring, samarbeidsavtale eller liknande som stadfestar at leverandøren vil ha rådvelde over dei naudsynte ressursane.

Dersom tilbydaren planlegg å nytte underleverandørar eller samarbeidspartnarar i samband med gjennomføring av rammeavtalen skal desse identifiserast i tilbodet med omtale av kva tenester eller på kva fagområde dei skal bidra. Mal for forpliktingserklæring er vedlagt, jf. del I vedlegg 4.

Type dokumentasjon frå underleverandør	Kommentar
Forpliktingserklæring / samarbeidsavtale	Nytt Vedlegg 4. Sjå også informasjon under.
Dokumentasjon på oppfyljing av dei kvalifikasjonskrav tilbydar støttar seg på underleverandør for å oppfylle	Gjelder berre dei kvalifikasjonskrav som tilbydar støttar seg på underleverandør for å oppfylle relatert til økonomisk og finansiell stilling eller tekniske og faglege kvalifikasjonar
ESPD-skjema frå underleverandør (oppsett i Merzell)	Sjå pkt. 6.1 Gjelder berre viss tilbydar ønskjer å støtte seg på underleverandørar eller samarbeidspartnarar for oppfyljing av

	kvalifikasjonskrav
--	--------------------

### 7.3 Krav til organisatorisk og juridisk stilling

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal være registrert i et fagleg register, foretaksregister eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	<p>Norske tilbydarar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Firmaattest.</li> </ul> <p>Utanlandske tilbydarar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Stadfesting på at tilbydaren er registrert i bransjeregister eller føretaksregister i samsvar med lovgjevinga i det landet tilbydaren er etablert.</li> </ul>

### 7.4 Leverandørens økonomiske og finansielle kapasitet

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha tilstrekkelig økonomisk og finansiell kapasitet til å kunne oppfylle kontrakten. Kredittverdighet utan krav til trygdstilling vil være tilstrekkelig til å oppfylle kravet.	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kredittvurdering som baserer seg på siste kjente regnskapstall. Ratinga skal vere utført av kredittopplysningsverksemd som følger lovgjevinga i Kredittopplysningsloven.</li> </ul>

Dersom leverandøren har sakleg grunn til ikkje å leggje fram den dokumentasjonen oppdragsgjevar har kravd, kan han dokumentere sin økonomiske og finansielle kapasitet ved å leggje fram eitkvart anna dokument som oppdragsgjevar ser som eigna.

## 7.5 Krav til tekniske og faglege kvalifikasjonar

Krav	Dokumentasjonskrav
<p><b>Krav til god erfaring</b></p> <p>Leverandøren må ha god erfaring frå gjennomføring av samanliknbare/tilsvarande oppdrag innanfor kvart fagområde det vert levert tilbod til.</p>	<p>Leverandør må fylla ut del I vedlegg 5 - Referanseskjema med kontaktadressar, med dei 3 viktigaste relevante leveransar dei siste 5 åra med fylgjande informasjon:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Oppdragsgjevar eller mottakar.</li> <li>- oppdragsskildring; ei kort skildring av prosjektet, storleik, verdi og kva funksjonar leverandøren hadde i prosjektet</li> <li>- tidspunkt for leveransen (frå/til)</li> <li>- leveransens varigheit frå signering til overlevering</li> <li>- kontaktperson for den enkelte leveranse, samt kontaktinformasjon (e-post og tlf.nr).</li> </ul> <p>Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentere relevans gjennom skildringa. Leverandøren kan dokumentere erfaringa ved å vise til kompetanse til personell han rår over og kan nytte til dette oppdraget, sjølv om erfaringa er opparbeidd medan personellet har utført teneste for ein annan leverandør.</p>
<p><b>Krav til gjennomføringsevne</b></p> <p>Det vert kravd at leverandøren viser evne til å gjennomføre oppdraget i tråd med oppdragsgjevar sine behov. Det vert difor kravd at leverandør har tilstrekkeleg kapasitet, kompetanse og teknisk utstyr/reiskapar til å kunne gjennomføre oppdraget.</p>	<p>Tilbydar må dokumentera fylgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Oversikt over firmaets totale bemanning innanfor avtalens fagområde</li> <li>- Oversikt over firmaets personar som innehar fagbrev innanfor kvart fagområde det vert levert tilbod til.</li> <li>- Oversikt over firmaets totale utstyr-og maskinpark (gjeld fagområda 7. Grunnarbeid og vegvedlikehald, 9. Fjellsikring og 10. Vedlikehald og rehabilitering av bruer og kaier), jf. bilag 1 Oppdragsgjevars kravspesifikasjon.</li> </ul> <p>Leverandøren kan dokumentera tilstrekkeleg kapasitet og teknisk utstyr/maskinpark ved å</p>

	vise til inngått samarbeid med eit annet firma/underentreprenør.
<p><b>Krav til kvalitetsstyring</b></p> <p>Leverandøren skal ha tilfredsstillande rutinar for kvalitetssikring</p>	<p>Dokumentasjon (skal gjevast på éin av følgjande måter):</p> <p>Ei skildring av leverandøren sine metodar for kvalitetssikring, med vekt på kvalitetssikring, ressursstyring, leiinga sitt ansvar, tilverknadsprosess og kontinuerleg analyse og forbetring.</p> <p>Om leverandør innehar ISO 9001:2015 sertifikat, eller tilsvarande 3. partsverifiserte system, er gyldig sertifikat tilstrekkeleg dokumentasjon.</p>
<p><b>Krav til miljøstyring</b></p> <p>Leverandøren skal ha etablerte rutinar som sikrar ei lav miljøbelastning ved utføringa av leveransen.</p>	<p>Ei beskriving av leverandøren sine miljøleingstiltak. Dersom leverandøren er sertifisert i høve til ISO 14001, EMAS, Miljøfyrtårn eller tilsvarande, er det tilstrekkeleg å legge ved kopi av gyldig sertifikat under forutsetning av at miljøleingstiltaka er omfatta av sertifiseringsordningen.</p>
<p><b>Krav til HMS</b></p> <p>Leverandøren skal ha eit eigna styresystem for helse, miljø og sikkerheit (HMS).</p> <p>Dokumentasjonskrav: Ein skildring av leverandøren sitt styresystem for helse, miljø og sikkerheit (HMS), herunder korleis sikkerheiten til personar, materiell og omliggande infrastruktur vert ivaretatt på tilsvarande måte, samt korleis registrerte hendingar vert følgt opp. Det vert gjort merksam på at HMS-eigenerklæring ikkje er tilstrekkeleg dokumentasjon for å bevise at kravet er oppfylt. Dersom leverandøren er sertifisert i høve til ISO 45001:2018 eller tilsvarande, er det tilstrekkeleg å legge ved kopi av gyldig sertifikat.</p>	<p>Ei skildring av leverandøren sitt styresystem for helse, miljø og sikkerheit (HMS), herunder korleis sikkerheiten til personar, materiell og omliggande infrastruktur vert ivaretatt på tilsvarande måte samt korleis registrerte hendingar vert følgt opp. Det vert gjort merksam på at HMS-egenerklæring ikkje er tilstrekkeleg dokumentasjon for å bevise at kravet er oppfylt. Dersom leverandøren er sertifisert i høve til ISO 45001:2018 eller tilsvarande, er det tilstrekkeleg å legge ved kopi av gyldig sertifikat.</p>

## 8 Tildelingskriterium

Tildelinga vil i nokre delkontraktar skje på bakgrunn av kva for eit tilbod som har den lågaste prisen. Dette gjeld delkontrakt **1-5, 11 og 12**. Vi viser til oversikt over delkontraktar i punkt 3.2 i dette dokumentet.

1	Elektrikar
2	Filter og ventilasjon
3	Heis - Service og vedlikehald
4	Røyrleggar
5	Malar – golvleggar
11	Lås og beslag
12	Kontroll og vedlikehald av leikeplassutstyr

Tildelingkriterium	Dokumentasjonskrav
<b>Pris 100 %</b>  Lågaste pris	Leverandøren skal fylle ut prisskjema bilag 6a. Det er ei arkfane for kvart delområde. Fyll ut den arkfana som gjeld kontrakten du tilbyr på.

I **delkontrakt 6 og 8** vil tildeling skje til den som har det beste tilbodet basert på forholdet mellom Miljø og Pris.

6	Tømrar
8	Glasmeistar

Tildelingkriterium	Dokumentasjonskrav
<b>Pris 70 %</b>  Lågaste pris	Leverandøren skal fylle ut prisskjema bilag 6a. Det er ei arkfane for kvart delområde. Fyll ut den arkfana som gjeld kontrakten du tilbyr på.
<b>Miljø 30 %</b>  Bruk av klimavennlege køyretøy til å gjennomføre leveransar i høve til denne kontrakten. Tilbyder skal skildre <u>andel av</u>	Tilbydar skal fylle ut <u>køyretøyskjema delkontrakt 6 og 8</u> . Sjå vedlagt.

oppmøta på kontrakten som skal gjennomførast med køyretøy på elektrisitet, hydrogen eller biogass kvart år utover minimumskravet i kravspesifikasjonen.	
---	--

I **delkontrakt 7,9 og 10** vil tildeling skje til den som har det beste tilbudet basert på forholdet mellom Miljø og Pris.

7	Grunnarbeid og vegvedlikehald
9	Fjellsikring
10	Vedlikehald og rehabilitering av bruer og kaier

Tildelingkriterium	Dokumentasjonskrav
<b>Pris 70 %</b>  Lågaste pris	Leverandøren skal fylle ut prisskjema bilag 6a. Det er ei arkfane for kvart delområde. Fyll ut den arkfana som gjeld kontrakten du tilbyr på.
<b>Miljø 30%</b>  Bruk av klimavennlege køyretøy/maskinpark til å gjennomføre leveransar i høve til denne kontrakten. Tilbydar skal skildre <u>andel av oppdraga på kontrakten som skal gjennomførast med køyretøy/maskiner på elektrisitet, hydrogen eller biogass kvart år.</u>	Tilbydar skal fylle ut <u>køyretøyskjema delkontrakt 7.9 og 10</u> . Sjå vedlagt.

## 9 Innlevering av tilbud

Alle tilbud skal leverast elektronisk via Mercell portalen, [www.mercell.no](http://www.mercell.no) innan tilbodsfristen. Tilbodsfristen går fram av Mercell. Det er leverandøren sitt ansvar å sende inn tilbudet i tide. For seint innkomne tilbud vil bli avvist.

Er du ikkje brukar i Mercell, eller har du spørsmål knytt til funksjonalitet i verktøyet, for eksempel, korleis du skal gi tilbud, ta kontakt med Mercell Support på tlf: 21 01 88 60 eller på e-post til: [support@mercell.com](mailto:support@mercell.com).

### 9.1 Formkrav og struktur

Tilbudet vil vera eit uttømande grunnlag for evaluering basert på tildelingskriteria.

Tilbydaren er sjølv ansvarleg for at alle tildelingskriterium og andre krav i konkurransen vert svart på og dokumentert.

## **10 Evaluering og avslutning av konkurranse**

### **10.1 Evaluering**

Evaluering vil skje på grunnlag av innlevert skriftleg dokumentasjon, sjå kapittel 8.

### **10.2 Avlysing av konkurranse**

Oppdragsgjevar skal ha rett til å avlyse konkurransen for eit, fleire eller alle fagområda sin del ved sakleg grunn. Som sakleg grunn vert det mellom anna vist til bortfall av planlagt finansiering, manglande godkjenning frå politisk hold og manglande konkurranse.

### **10.3 Melding om val av leverandør**

Etter at val av leverandør(ar) er gjort vil alle leverandørar som har gitt tilbod bli skriftleg informert om dette.

Meldinga vil innehalde namn på kven som er tildelt kontrakt, samt utgreiing om eigenskapane og dei relative fordelane ved tilbodet som er valt, i samsvar med tildelingskriteria i konkurransen.

Meldinga vil også angi tidspunkt for utløp av karensperioden.

### **10.4 Klage**

Tilbydarar kan klage på val av leverandør.

Dersom Oppdragsgjevar finner at tildelingsvedtaket ikkje er i samsvar med tildelingskriteria kan tildelingsvedtaket bli annullert fram til kontrakt er signert.